

ÅRSMELDING 2008 – FRIVILLIGNEMNDA I FITJAR SOKNERÅD.

Dei viktigaste oppgåvane til Frivillignemnda er å følgja opp dei frivillige medarbeidarane som er oppnemnt av soknerådet og å organisere innsamling av midlar til kyrkjelydsprestestillinga, frå faste gjevarar.

Nemnda skipa i januar til ei stor samling for dei frivillige på bedehuset i Fitjar. Prosten vår, Stein Arne Theodorsen var festtalar. Festen vart leia av Åse Nøttveit på ein god måte og Steinar Aarskog hadde laga til fleire, gode innslag, mange med humoristisk ”snert”. God mat og mykje fin sang og musikk.

Ellers har nemnda i meldingsåret jobba mykje for å få fleire, faste gjevarar til kyrkjelydsprestestillinga. Det er sendt ut brev til mange nye gjevarar, i von om at vi kan få kontinutet og auke i inntektene, minst tilsvarande utgiftene. Vi voner på fleire, faste gjevarar også i året vi no er inne i. Nemnda set stor pris på at dei fleste gjevarane innbetaler større, årlege beløp enn det som er avtala. Vi takkar alle for det dei har gjeve i året som gjekk.

Fitjar, 31.01.09.

FRIVILLIGNEMNDA I FITJAR SOKNERÅD

Arvid O. Refvik

Åse Nøttveit

Steinar Aarskog